

# TESSE-DOKUMENTET OG FJELLFISKET I MELLOMALDEREN

*Jo Rune Ugulen, Riksarkivet*


Tesse-dokumentet har vorte den vanlege nemninga for eit brev som var utferda av biskop Ivar (Skjalge) av Hamar i embetstida hans, mest truleg ein gong mellom 1202 og 1220, og som seier noko om vatnet Tesse i Lom i Gudbrandsdalen og om fiskerettane i det. Dokumentet er særskilt interessant sidan det skriftlege kjeldetilfanget om fjellfisket i mellomalderen er svært magert. Det er dei arkeologiske kjeldene som fortel mest om korleis fisket gjekk føre seg. Dei skriftlege historiske kjeldene frå eldre tid omhandlar først og fremst rettar knytte til fisket, og det er nettopp eigenskapen som dokumentasjon på desse rettane som gjer at dei relativt få skriftlege dokumenta frå mellomalderen som omhandlar fjellfisket, har vorte tekne vare på. Eigarskap til fiskevatnet Tesse er typisk nok òg tema for Tesse-dokumentet.

Oppbevaringstilhøva i Noreg har heller ikkje vore gunstige for gamle dokument, slik at svært mykje har gått tapt på grunn av dette.<sup>1</sup> Då eg skreiv om mellomalderen i trebandsverket om Hardangers historie, var det ikkje noko som helst å finna i dei skriftlege kjeldene om dette fisket i mellomalderen. Det eldste skriftlege dokumentet eg kom over, handla om ein grenseoppgang kring det store vatnet Nordmannslågen på Hardangervidda i 1560-åra.

Det tyder sjølvsagt ikkje at det ikkje finst mengder av arkeologiske spor etter fisket på Hardangervidda, og emnet er handsama fleire stader i verket.<sup>2</sup> Av relativt få skriftlege kjelder til fjellfisket i Noreg i mellomalderen er det fleire frå Gudbrandsdalen, og det som peikar lengst bakover i tid, er Tesse-dokumentet.

Ifølgje Tesse-dokumentet gav Olav den heilage vatnet til Torgeir Gamle på Garmo då kongen var på Lom og kristna bygda, det vil seia oppimot 200 år tidlegare. Olav var konge frå kring 1015 til 1028. Skal ein tru på det som er skrive i saga om Olav den heilage, skjedde dette då han hadde vore konge i sju år, altså i 1022.<sup>3</sup> Meir om dette seinare. Originalbrevet til biskop Ivar er for lengst gått tapt, men det eksisterte framleis i original då det i 1333 vart vidimert, det vil seia då det vart teke ein stadfesta kopi av det. Tesse låg i den nordvestlege delen av Hamar bispedømme, eit bispedømme som i mellomalderen strekte seg frå øvre Telemark i sørvest til dei no svenske bygdene Idre og Särna i nordaust.<sup>4</sup> Bispedømmet femna delar av dagens Telemark, Buskerud, Oppland og Hedmark, slik kartet (figur 1) viser, og Hamar-biskopen var den øvste geistlege autoriteten i området. Kor vidt biskopen sjølv hadde nokre økonomiske interesser i Tesse, veit

## Hamar bispedømme i middelalderen



Figur 1: Utstrekninga av Hamar bispedømme i mellomalderen.

vi ikkje, men det ser ut til at domkyrkja på Hamar har hatt rettar der, utan at vi no kan peika på kva for slag rettar det var tale om.

Ein seinsommardag i året 1333 samla fleire av dei framståande mennene i Hamar og på Opplanda seg og utferda eit brev. Eksakt kvar dei var då dei gjorde dette, lèt seg ikkje sikkert fastslå, men mest truleg var det på Hamar dei var. Brevet lyder som følgjer:<sup>5</sup>

Ollum monnum þeim sem þetta bref sea æder høeyra. senda capitulum ok korsbræddr Cristkirkiu j Hamre Æiríkr Steinarsson loghmader aa Vpplandum ok Andres skulæmeistare j þan sama stad. q. g. ok sinæ. yder se þat kunnigt at daghen nestæ æftir Lafwranzs vaku aa fighurtandæ aare rikis vaars virduleghs herræ Magnuser med guðs miskun Noreghs Swya ok Gota konongs saom ver ok ifuir lasom bref virdulegs herræ Jwers med guðs miskun fordom biscups j Hamre med hangande insigli hæilu ok vskoddu er vatar swa ord fra orde sem hær fyllghir. Ollum guðs vinum ok sinum þeim sem þetta bref sea æder høeyra verandom ok vider komandom. sendir Jfwer biscup quædiu guðs ok sinæ. sia hærmingh var aat hofuud kirkiu a Lom firir mer Þorgæiri ærkidiakne Þore loghmanne Simone kapalin Atla preste Paale j Bœiom Æiriki vnga Gunnare bior Birni bratta (ok) morghum odrum godom monnum lærdom ok olærdom at þa er hin hælghi Olafuer konongr kom kristni aa Loar þa gaf han Þorgæiri gamlæ a Garmoe vatn þat er Þessir hætir ok ollu hans afspringhi. en han snerez sidan till truar ok het þui sem han let gera kirkiu a bæ sinom. ok baroz hær æftir twæggiæ manna vithni þeira hinna ællzto j Varlldale at swa hermdo fæder þeira ok forælldri firir

þæim ok swa var satt. Ok þa ænn aðr er a gango men gerdoz till þa gerdo þeir þæim till a alþinghi vatta stæfnu till vazsens ok komo þesser j stæfnu dagh rettan en æighi hinir leto þeir þa læida stæfnu vithni sin. en sidan leto þeir bera fyrnu vitni sin sua at þeir hafdo radet þriatighu vettra budar vallum sinum bode ok banne a netrostom sinum ok netloghum ok ollum jvæрка vkuidiat ok vbannat firir huærium manne. Ok sætto þeir tollf manna dom æftir ok twa høeyringia ok leto dæme karle ok kononge ok huærium manne logh en ser handa værk sin oll. ok sagde sua loghmader at þa var allt retlægha ok engi komo anduitni j mote. En Kristkirkia j Hamre ok margher adrer hælghir stader æigho þær æighner j. Nu lægh ek þær allar æighnir ok vatn þat j guðs hæghnad ok allra hæilaghra manna. firir bidod ek huærium manne rikum ok orikum a þa at ganga. en ef þeir ero nockrer er a ganga þa lægh ek þæim vider bann guðs ok hæilaghra manna pauens ok ærkibiscupsens ok allra annara biscupa. en guðs miskun þæim ollum sem þetta hallda væll. Ok till sanz vithnisburdar settom ver vor insigli firir þetta transscriptum er gort var a deighi ok aare sem fyr seghir.

I omsetjing til moderne norsk lyder det omtrent som her nedanfor. Eg har dessutan delt opp teksten i bolkar med markeringar av kva som er teksten frå 1333, og kva som stod i det opphavlege brevet til biskop Ivar.

[1333] Til alle dei menn som ser eller høyrer dette brevet, sender kapitlet og korsbrørne i Kristkyrkja i Hamar, Eirik Steinarsson, lagmann på Opplanda, og Andres, skulemeister i den same byen, Guds helsing og si. For dykk

vert det kunngjort at dagen nest etter lavransvake i fjortende styringsåret [dvs. den 11. august 1333] til vår vyrdelege herre Magnus, med Guds miskunn Noregs, svears og gøtars konge, såg og las vi gjennom brevet til den vyrdelege herre Ivar, med Guds miskunn tidlegare biskop i Hamar, med hengande segl, heile og uskadde, som lyder slik ord etter ord som her følgjer:


[1202–1220] Til alle Guds og sine vener, dei som ser eller høyrer dette brevet, nolevande og kommande, sender Ivar biskop Guds og si helsing. Denne forteljninga vart gjeven ved hovudkyrkja i Lom for meg, Torgeir erkediakon, Tore lagmann, Simon kapellan, Atle prest, Pål i Bø, Eirik Unge, Gunnar Bjør, Bjørn Bratte og mange andre gode menn, lærde og ulærde, at då den heilage Olav konge kom med kristendomen på Lom, då gav han til Torgeir Gamle på Garmo og alle hans etterkomarar det vatnet som heiter Tesse. Og han [Torgeir] vendte seg sidan til trua og lova det som han lét gjera: kyrkje på garden sin. Og heretter vart det bore vitnesbyrd av dei to eldste menn i Vardal at slik fortalde fedrane deira og forfedrane før dei, og så var sant. Og då vidare andre menn kom fram som gjekk mot dette, då sette dei [oppsitjarane på Garmo] dei vitnestemne til vatnet på alltinget. Og dei [oppsitjarane på Garmo] kom på rett stemnedag, men ikkje dei andre. Dei lét då føra fram sine stemnevitne, og sidan lét dei bera fram sine vitnesbyrd om fortida slik: at dei i 30 vintrar hadde rådd for buvollane sine med påbod og forbod, for notrastene sine og notplassane og all verksemd, upåtalt og uhindra, for kvar mann. Og deretter sette dei ein tolvmannsdom og to høyringsvitne og lét

dømme lov for kar og konge og kvar mann og for seg sjølv alle sine henders verk. Og lagmannen sa at då var alt lovleg, og det kom ingen motvitne imot. Og Kristkyrkja i Hamar og mange andre heilage stader eig eignedomar der. No legg eg alle dei eignedomane og det vatnet under Guds og alle heilage menns vern. Eg forbyr kvar mann, mektig eller ikkje, å gjera overgrep mot dei, og om det finst einkvan som gjer overgrep, då lovar eg dei Guds og heilage menns, pavens og erkebiskopens og alle andre biskopars bann. Og Guds miskunn til alle dei som held dette vel.

[1333] Og til sant vitnesbyrd set vi våre segl for dette transkriptet, som var gjort dag og år som før er sagt.

Brevet frå 1333 finst framleis i Riksarkivet i Oslo, og det er sigillatorisk bunde saman – det vil seia at det er hefta saman ved hjelp av segl og seglreimar – med to andre brev som stadfestar innhaldet i det (figur 2). Desse breva er høvesvis frå 1334 og 1344. Dette samsvarar elles i tid med ei av dateringane på ei fiskefelle (sløe) som vart utgraven i Tesse i 2014,<sup>6</sup> noko som viser at det føregjekk fiskeaktivitet på same tidspunktet som spørsmålet om eigarskap var aktuelt.

Dei tre samanbundne breva kom til Riksarkivet i Christiania i 1821 frå det som då heitte Geheimarkivet (forløparen til det noverande Rigsarkivet) i København. Kvar det opphavleg hadde kome frå, lét seg ikkje avgjera sikkert, men det er ymse som kan tyda på at breva opphavleg har vore i domkapittelarkivet i Hamar fram til reformasjonen, ettersom det er nemnt eignedom som Kristkyrkja på Hamar hadde ved Tesse, og det dessutan er kapittelet og korsbrørne der som utferdar vidissen i 1333. Det hadde dei ikkje late gjera utan at dei sjølv hadde interesser i det.



Figur 2: Avskrifta av Tesse-dokumentet frå 1333. Original på pergament i Riksarkivet, Oslo.

Brevet frå 1333 er altså ein rettsleg stadfesta kopi av brevet frå starten av 1200-talet. Det opphavlege brevet vitna om ein rettstvist mellom folket på Garmo i Lom på den eine sida og nokre andre folk som det ikkje vert sagt meir om enn at dei ikkje møtte opp då dei vart stemna for å høyra vitneprov om kven som hadde rettane i Tesse. Lagmannen hadde stadfesta at Garmo-folket sine rettar i Tesse var lovlege, og biskopen forbaud alle å forbryta seg mot desse rettane. Omtalen av at dei i 30 vintrar upåtalet har rådd for buvollane, notrastene og notplassane sine, er etter alt å døma eit uttrykk for at dei har opparbeidd seg hevdsrettar etter lova.<sup>7</sup>

Det kjem som nemnt også fram at Kristkyrkja på Hamar og andre heilage stader (dvs. geistlege institusjonar) hadde eigedomar der, men stort meir enn det er det vanskeleg å trekka ut av informasjon om eigedomsrettane. Eg kjem attende til rettane til fisket nedanfor.

Innhaldet i brevet er svært konkret og levande, og det er ikkje nokon grunn til å tvila på at det gjev att ei realistisk framstilling av korleis det gjekk føre seg på kyrkjebakken på Lom tidleg på 1200-talet då Garmo-folket førte prova sine. At motparten ikkje møtte opp, kan ha mange årsaker, men det ikkje urimeleg å gissa på at det kan ha vore mangel



på provsvitne for saka hans som var årsaka til det. Noko meir enn ei gissing vert det likevel ikkje.

### DEI ANDRE BREVA

Dei to breva som er hefta ved, og som stadfestar innhaldet i 1333-brevet, lyder om lag som følgjer på moderne norsk:

[1334]: Magnus, med Guds miskunn, Noregs, svears og gøtars konge, sender alle dei menn som ser eller høyrer dette brevet, Guds og si helsing. Vi og rådet vårt har sett avskrifta som her er festa ved dette vårt brev, under seglet til kapittelet i Hamar og dei andre som er nemnde i sjølve brevet, vitnande om det prov og sanning som vyrdelege herr Ivar, med godt minne tidlegare biskop i Hamar, Torgeir erkediakon og mange andre gode menn har teke om det vatnet som heiter Tesse, og ymse menn no held urette påtaler mot. Og av di at vi vil at kvar mann skal nyta sin rett, [og] særskilt den heilage kyrkja og hennar styrarar, då forbyr vi kvar mann å hindra eller minka [bruken av] førnemnde vatn på nokon måte imot førnemnde prov og sanning. Med mindre alle som gjer det, vil svara oss åtte mark i brevbrot og i tillegg bli utsett for vår sanne vreide. Dette brevet var gjort i Tunsberg [på] dei to apostlane Filips og Jakobs messedag i det femtande styringsåret vårt [1. mai 1334] i nærvære av vyrdeleg herre og vår kjæraste ven herr Salomon, med Guds miskunn biskop i Oslo, herr Håkon Ogmundsson innsegla, og Pål klerk skreiv.<sup>8</sup>

[1344]: Til alle dei menn som ser eller høyrer dette brevet, sender Guttorm Eiriksson og Trond Krakeson Guds helsing og si. For dykk vert det kunngjort at onsdagen nest

etter helgemesse i det tjuesjette styringsåret [3. november 1344] til vår vyrdelege herre Magnus, med Guds nåde Noregs, svears og Skånes konge, då drog vi omkring heile Oslo fehirdsle etter hans bod og brev for å sjå og etterprøva alle dei saker som var til ansvar for han i førnemnte fehirdsle og har vorte gjort sidan han vart konge i Noreg. Vi såg og las nøye gjennom på alminneleg ting på Mo på Lom dei breva som her er festa ved, og vitnar om det vatnet som heiter Tesse, at den heilage Olav konge hadde gjeve det til Torgeir Gamle på Garmo og hans etterkomarar til evig tid, og at førnemnte Magnus konge hadde stadfesta det med sitt brev. Og saker så omstendelege har vorte reist og frå gammalt av som før er sagt, etter dei prova som her følgjer. Då syntest oss der å ha vore rett lovleg framferd, og [vi] stadfestar det igjen på ny frå no av på vår herre konges vegner etter det ombodet har gjeve oss, for han og hans etterkomarar. Og til sanning set vi våre segl for dette brevet som var gjort på dagen og i året som før er sagt.<sup>9</sup>

Desse to breva vitnar i det minste om at det ikkje har vore ro i saka omkring rettane til Tesse-fisket gjennom mellomalderen, og dette viser oss at fisket der må ha vore av ein viss tydnad. Det er referert til at det har vore reist omstendelege saker om rettane i Tesse, og det har vore ført vitne om desse rettane også på 1300-talet, utan at vi no har kjelder som fortel i detalj om dei.

### RETTANE TIL FISKET

At rettar til fiske vart sett på som viktig i historisk tid, viser også til dømes ei sak frå 1645 om vatnet Hajeren på grensa mellom det noverande Buskerud og Vestfold, der det vart lagt fram tre brev som vart



Figur 3: Dei tre samanhefte breva frå 1333, 1334 og 1344. Restane av seglet til kong Magnus Eriksson heng under brevet frå 1334, medan berre seglreimane er bevarte frå dei andre segla som tidlegare hang ved dei ulike breva. Originalar i Riksarkivet, Oslo.

sagt å vera frå 1299, 1515 og 1546, men som alle har vist seg å vera falske.<sup>10</sup> Forfalsking av dokument for å opparbeida seg ulike rettar var slett ikkje eit ukjent fenomen i gammal tid. Det er lite eller ingenting av informasjon om korleis fisket gjekk føre seg, i dei eldste skriftlege kjeldene. I all hovudsak er det først frå slutten av 1500-talet, då vi får fyldigare kjeldetilfang, at vi har meir informasjon om korleis fisket gjekk føre seg, gjennom referat frå rettssaker og liknande.

Rettane til fiske i elvar og vatn vart i mellomalderen delvis regulert gjennom landslova av 1274,

som i landsleigebolken kap. 48, «Om lakseelvar og fangstgreier som folk oppfører», der det mellom anna vert sagt at «kvar [mann] eig vatn og veidestad framfor sitt land, slik som det har vore frå gammalt av, med mindre det lovleg er fråkome». Dessutan kjem fjellfisket inn under reglane for bruken av allmenningar, sjølv om det ikkje er direkte omtalt. Allmenningsbruken er handsama i landsleigebolken kap. 61, der tvist om allmenningar er emne. «Det skal vera allmenningar dei som har vore det frå gammal tid, både det øvre [dvs. fjellet] og det ytre [dvs. havet]», og det vert mellom anna

sagt at «alle fiskevatn i allmenningar er jamnheimla». <sup>11</sup> Formuleringane om allmenningar er truleg henta frå den eldre landskapslova for Trøndelag, Frostatingslova, som seier det same. <sup>12</sup> Kva den eldre landskapslova for Austlandet sa om dette, veit vi ikkje ettersom Eidsivatingslova ikkje er bevart. Tilsvarande formulering finst ikkje i Gulatingslova. <sup>13</sup> Tesse ser ikkje ut til å ha vore rekna for allmenning om ein skal døma etter dei skriftlege kjeldene, men ligg slik til at det fort kunne ha vore det, ut frå den geografiske plasseringa til fjells.

Vi veit at fiskevatnet Tesse vart brukt under prestegarden på Lom i 1570-åra, <sup>14</sup> men kor langt dette går tilbake i tid, er uvisst. Diverre har vi ikkje jordebøker som gjev oss eit oversyn over jordeigedomane til bispestolen eller domkapitlet på Hamar i mellomalderen, slik at det ikkje er mogleg å seia om den retten som prestegarden på Lom hadde til fisket i Tesse i 1570-åra, opphavleg kan ha lege til domkapitlet på Hamar. Jordeboka for kapittelgodset på Hamar i 1540 gjev ingen opplysningar om Tesse. <sup>15</sup> Dette kan tyda på at fiskerettane på det tidspunktet var overførte til prestegarden på Lom. Det er elles mange eksempel på at fiskerettar var eigd av geistlege institusjonar, til dømes Lyse kloster i Os utanfor Bergen (1328–1329, om fisket i Oselva) <sup>16</sup> eller Hovedøya kloster i Oslo (1347, fisket i Sandvikselva i Bærum) <sup>17</sup>. Det var ofte mykje kiv og trette omkring rettane til dette fisket. I 1530-åra kjem det til dømes fram eit forlik om fordeling av fiskerettar mellom to bønder i Hedrum på den eine sida og prestane på Sande, Hedrum og Tjølling på den andre. <sup>18</sup> Rimelegvis var det også usemje om fiskerettar som ligg bak det andre dokumentet frå 1300-talets Gudbrandsdal som omhandlar rettane til eit vatn – nemleg det om Heimdalsvatnet, som kong Sverre (1177–1202) i si tid skal ha tilstått Ivar gamle Gjesling på Sandbu. <sup>19</sup>

### ER TESSE-DOKUMENTET EKTE?

Er det eit ekte brev frå biskop Ivar vi har attgjeve i avskrifta frå 1333? Til det kan vi nok svara eit nokså sikkert ja. Biskop Ivar sitt brev var nok ekte, og det eksisterte i 1333 med seglet til biskopen og det heile. Det er svært tvilsamt om både domkapitlet i Hamar, lagmannen på Opplanda og skulemeisteren i Hamar skulle ha rotta seg saman og dikta opp biskopen sitt brev eller jamvel forfalska det. Dei kan teoretisk sett ha vore førte bak lyset av ein dyktig forfalskar, men det er ingen grunn til å tru at så har skjedd i dette tilfellet. Det var kunnige folk som utferda vidissen i 1333, og ein skulle tru at dei var i stand til å avgjera om gamle brev var ekte. Dei seier også sjølv at dei «såg og las [...] gjennom brevet til den vyrdelege herre Ivar, med Guds miskunn tidlegare biskop i Hamar, med hengande segl, heile og uskadd».

Kva med tilvisinga til Olav den heilage og Torgeir Gamle på Garmo (kring 1022 om ein skal følgja kronologien i saga om Olav den heilage)? Er den truverdig, slik til dømes Elling Utvik Wammer har stilt spørsmål om i den maritimarkologiske rapporten om Tesse frå 2015 og gjentek i artikkelen sin i denne boka? <sup>20</sup> Det lét seg ikkje sikkert avgjera. Det var slett ikkje uvanleg til dømes å visa til Heilag-Olavs lov når ein skulle leggja fram gammal hevd i mellomalderen, <sup>21</sup> og dette kan godt vera eit døme på nettopp det. På den andre sida er det ikkje usannsynleg at det kan ha vore ei munnleg overlevering av ein reell 180–200 år gammal tradisjon i Lom. Korkje Torgeir Gamle på Garmo eller Tessevatnet er nemnt i saga om Olav den heilage, og det kan i seg sjølv vera eit moment som styrkar truverdet til påstanden i brevet frå starten av 1200-talet. Men det er og blir uvisst, og spørsmålet om Olav den heilage verkeleg gav vatnet Tesse til Torgeir Gamle på Garmo, vert dermed til sjuande og sist mest eit spørsmål om tru.



## SUMMARY

The Tesse document has become the common denomination for a charter given by bishop Ivar of Hamar sometime between 1202 and 1220. It gives information about the mountain lake of Tesse in Lom parish in Gudbrandsdalen in present-day Oppland County and about the fishing rights in the lake. The document is particularly interesting given the fact that written sources of information about medieval Norwegian mountain-lake fishing are exceedingly rare. According to the charter, the lake was given to Torgeir Gamle («the Old») at Garmo by King Olav (St. Olav) when the king visited Lom and christened the area around 200 years earlier. The original charter of bishop Ivar is long lost, but its contents are preserved in an attested copy from 1333 by the chapter of Hamar together with the local lawman. It witnesses a legal dispute between the people on the Garmo farm in Lom on the one side and their counterpart on the other. The charter does not say much about the counterpart except that they did not show up to hear the evidence of the rights to the Tesse lake. The lawman confirmed that these rights belonged to the Garmo people, and the bishop forbade anyone to commit offences against these rights. In addition, the document implies that the cathedral in Hamar, together with other «holy places» (i.e. ecclesiastical institutions), had properties in Tesse, although it doesn't say anything about what kind of property.



